
Saksnr: 2020/50857-1
Saksbehandlar Trond Olav Wahl
Dato: 04.06.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næring

Orientering om regjeringa sitt framlegg om langsiktige og stabile inntekter frå havbruksnæringa i revidert nasjonalbudsjett

Vi syner til møte i hovudutvalet 14.mai der administrasjonen vart bedne om å følge opp denne problemstillinga. Fylkeskommunen har tidlegare uttalt seg om grunnrente og produksjonsavgift, gjennom sak i hovudutval og fylkesutval. Så dette notatet gjeld ikkje korleis midlane kjem inn frå næringa til det offentlege, men korleis dei innkomne midlane vert fordelte mellom stat og kommunar/fylkeskommunar.

Regjeringa foreslår i revidert statsbudsjettet for 2020 at det ikkje vert innført ein overskotsbasert grunnrenteskatt i havbruksnæringa. I staden vil dei innføre ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeaure. Inntektene frå avgifta vert fordelt til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Produksjonsavgifta er foreslått til 40 øre per kilo produsert fisk. Det vil gje ei årleg innbetaling på om lag 500 millionar til kommunar og fylkeskommunar, og vil vere ei stabil inntekt. Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyver. Frå havbruksfondet vart innført har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent av midlane. No foreslår regjeringa å endre dette til staten får 75 prosent og 25 prosent skal fordelast til kommunar og fylkeskommunar.

Frå framlegget til revidert nasjonalbudsjett:

- *«Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2021 foreslå å innføre en produksjonsavgift på 40 øre per kg produsert laks, ørret og regnbueørret. Provenyet anslås til om lag 500 millioner kroner. Avgiften vil innføres med virkning fra 1. januar 2021 og innbetales som en etterskuddspliktig skatt i 2022. Avgiften utbetales til havbrukskommunene og -fylkeskommunene i 2022. Produksjonsavgiften vil gå inn i Havbruksfondet og fordeles etter fordelingsnøkklene som til enhver tid gjelder i fondet.*
- *Havbrukskommunene har siden 2017 fått en andel av inntektene ved salg av nye tillatelser og økt kapasitet i eksisterende tillatelser gjennom Havbruksfondet.*
- *Produksjonsavgiften vil omfatte også produksjon fra tidligere tillatelser som er tildelt gratis eller til lav pris.*
- *Havbrukskommunene og -fylkeskommunene tilføres én mrd. kroner i hvert av årene 2020 og 2021 gjennom Havbruksfondet.*

- *Av salgs- og auksjonsinntekter fra økt kapasitet og nye tillatelser fra og med 2022 tilfaller 75 prosent staten og 25 prosent kommuner og fylkeskommuner.*
- *Det foreslås ingen overskuddsbasert grunnrenteskatt.»*

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har følgd opp denne saka og samrådd oss med andre fylkeskommunar. På grunnlag av dette vart det sendt eit brev til finanskomiteen på Stortinget, innan fristen som var 15.mai kl 12. I vedlagde brev av 15.mai ber Vestland fylkeskommune finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett. Dvs at vi er imot ei omfordeling der kommunar og fylkeskommunar sin andel vert redusert frå 80 % til 25 % av inntekter i samband med auka kapasitet og nye løyve.